

# Årsmelding

## Ålfotbreen landskapsvernområde

### 2015



Fossar inst i Straumsbotnen

Foto: Alf Erik Røyrvik

Alf Erik Røyrvik  
Verneområdeforvaltar

## 1. Generelt

Ålfotbreen landskapsvernområde vart verna 9. januar 2009, og 2013 var derfor tredje året med forvaltning av landskapsvernområdet. Verneområdestyret vart konstituert 13. mai 2011, og vi har no hatt det femte året med lokal forvaltning.

Ålfotbreen landskapsvernområde er eit verneområde der store delar er vanskeleg tilgjengeleg og der det er få bygningar eller andre installasjonar inne i verneområdet. Dette gjer sitt til at saksmengde og aktivitet generelt inne i verneområdet er mindre enn mange andre store verneområder.

### Styret

Det vart konstituert nytt styre for Ålfotbreen landskapsvernområde 20.april 2012, etter at det var oppnemnt nye representantar frå kommunane etter kommunevalet. Styret er konstituert for perioden 2012 – 2015.

Styret i denne perioden består av:

Verv	Namn	Representerar	Vararepresentant
Leiar	Ola Tarjei Kroken	Gloppen kommune	Gunvor Sunde
Nestleiar	Nina Klara Grotle	Bremanger kommune	Karl Vidar Førde
Medlem	Bengt Solheim-Olsen	Flora kommune	Bente Halvorsen
Medlem	Anita Nybø	Fylkeskommunen	Bjørn Hollevik

Styret har hatt to styremøter i 2015. Begge møta har vore fysiske møter, det første på Sandane og det andre i Florø. Styret har handsama til saman 11 styresaker i desse møta.

Styremøtet som styret hadde 23.november i Florø var det siste styremøtet med dette styret. Det skal nemnast opp nytt styre etter kommune- og fylkestingsvalet hausten 2015. Når nye representantar er meldt inn og Miljødirektoratet får oppnemnt nytt styre ein gong i 2016, vil nytt styre verte konstituert.

## 2. Saker

### Motorferdsel:

- Sogn og Fjordane Energi og Norges vassdrags- og energidirektorat fekk eit felles løyve til ein del landingar med helikopter i landskapsvernområdet. Både landingar ved ulike installasjonar og magasin, og landingar på breen i samband med bremålingar som NVE gjennomfører fleire gonger i året. Løyvet gjeld til og med 2018.
- Flora turlag fekk løyve til å lande med helikopter ved hyttene Blåbrebu og Gjegnabu i samband med transport av forsyningar og ustyr til hyttene.
- Leidulv Solvang, grunneigar i Grøndalen, fekk fornya løyvet til å bruke helikopter til å frakte ut hjortekjøtt i jakta. Det gamle løyvet gjekk ut no i 2015, og Solvang har fått nytt løyve for åra 2016 – 2019.

### Forvaltningsplan:

- Forvaltningsplanen for Ålfotbreen fekk hausten 2015 endeleg godkjenning av Miljødirektoratet. Dette med vilkår om nokre mindre endringar som måtte gjerast før trykking.  
Utpå nyåret 2016 skal planen trykkast opp og sendast ut til grunneigarar og andre.

Ut over desse har det ikkje vore andre søknader eller vedtakssaker. Saksmengda i Ålfotbreen landskapsvernområde er relativt låg.

## 3. Rekneskap

Ein enkel rekneskap for forvaltningsknutepunktet kan ein sjå nedanfor her. I og med at forvaltningsknutepunktet er felles med Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, er det satt opp ein felles rekneskapsoversikt.

2015	Felles/totalt		Naustdal-Gjengedal		Ålfotbreen	
	Budsjett	Kostnadar	Budsjett	Kostnadar	Budsjett	Kostnadar
Lønn og sosiale utg		543 531		275 823		267 708
Drift forvaltar og knutepunkt		84 365		47 281		37 084
Drift styre	140 000	51 903	90 000	31 583	50 000	20 320
Planarbeid	50 000	723	25 000	723	25 000	0
Bestillingsdialog	420 000	352 516	300 000	271 704	120 000	80 812
<b>Totalt</b>		<b>1 033 038</b>		<b>627 114</b>		<b>405 924</b>

Som vi ser i den enkle rekneskapen so har ein brukt ein del mindre enn tildelt budsjett til drift av styret og til planarbeid. Årsaka til at det har gått so lite av driftsmidlane til styret er at tidsbruken i samband med styremøta og førebuing til desse har vore mindre enn kva som var teke høgde for i budsjettet. I budsjettet må ein nok ta høgde for ei større saksmengde og fleire møte enn kva som har vore brukt i 2015.

Det har ikkje vore kostnader til planarbeid i 2015. Det var tildelt midlar, fordi det var forventa at ein skulle trykke opp endeleg godkjent forvaltningsplan i 2015. Dette vert ikkje gjort før i 2016.

## 4. Tiltak / bruk av midlar

For 2015 fekk Ålfotbreen verneområdestyre tildelt totalt 120.000 over bestillingsdialogen. Om lag 80.000 av desse vart brukte på tiltak, og då hovudsakleg på bygging av toalett/utedo i Hope i Hyen. Denne vart plassert ved ein av to parkeringsplassar i Hope, og er eit tilbod til folk som skal på tur mot Lavesteinen, Gjegnabu, Gjengnen eller andre turmål i Skordalen-området.

Forvaltar og naturoppsyn var sommaren 2015 på synfaring på stien som går frå Åskora og oppover mot breen. Her er det litt utfordringar både med tanke på merking, framkome og tryggleik med omsyn til steinsprang. I ettertid har det blitt kjøpt inn skilt som skal varsle gåande om risiko for steinsprang. Desse vil verte monterte i 2016.

Bruken av tiltaksmidlane:

Tiltak	Tiltakshavar	Sum
Toalett/Utedo i Hope	VO-styret	77 562
Innkjøp av skilt	VO-styret	3 250
<b>Totalt</b>		<b>80 812</b>

## 5. Fagleg Rådgjevande utval

Fagleg Rådgjevande utval for Ålfotbreen landskapsvernområde vart oppretta i 2014. Utvalet består av representantar frå ulike verksemder og organisasjonar, og dessutan ein grunneigarrepresentant frå kvar kommune. Utvalet er samasett slik:

- Sogn og Fjordane Energi
- Svelgen Kraft
- Sogn og Fjordane Turlag
- Naturvernforbundet
- Fjordkysten Reiseliv
- Reismål Stryn og Nordfjord
- Nordfjord Folkehøgskule
- Martin K. Førde – grunneigar Bremanger
- Leidulv Solvang – grunneigar Flora
- Arild Straume – grunneigar Gloppen

Utvalet hadde eitt møte i 20165, den 27. februar.

## 6. Forvaltar

Verneområdeforvaltaren vart tilsett 1.oktober 2011 og har verka i stillinga samanhengande sidan det. Forvaltaren har kontorstad på Sandane, der han delar kontor med Statens naturoppsyn sin oppsynsmann som er tilknytt Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen landskapsvernområde.

Samarbeidet med SNO lokalt fungerer veldig godt. Vi jobbar mykje i team, både på planlegging, gjennomføring og oppfølging av tiltak, tenestekjøp og u dei konkrete sakene som dukkar opp.

### Kurs, seminar og konferansar som verneområdeforvaltaren har delteke på i 2015:

- 13.-14. januar - Opning av Friluftslivets År i Naustdal
- 14.-15. april – Nasjonalparkkonferansen i Trondheim
- 11.-12.mai – Forvaltarsamling i Gloppen
- 27. august – Konferanse om grøn transport i Hyen
- 21.-23.september – Vernefagsamling på Sundvolden
- 2.november – Ope møte om allemannsretten på Sandane, i samband med Friluftslivets År

### Synfaringar:

- 17.juni – Synfaring i Bjørndalen med SFE, Fylkesmannen, Bremanger kommune.
- 23.juni – Synfaring i Åskora med SFE, kommunen, grunneigarar, SNO
- 23.juni – Synfaring i Førdedalen med kommunen, grunneigarar, SNO

### Møteverksemd

Verneområdeforvaltaren har delteke på og arrangert ei rekke møter i 2015. Mellom anna:

- Avdelingsmøter, personalsamlingar, avdelingstur og andre interne møter hjå Fylkesmannen.
- Møter som tillitsvalt for Naturviterne hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
- Møter med fagpersonar i kommunane
- Møter med miljørådgjevarane til SFE

I tillegg har verneområdeforvaltaren og/eller naturoppsyn vore på nokre mindre synfaringar og turar i og rundt landskapsvernområdet.

## 7. Bilete frå 2015



Bilete 1. Inste delen av Straumsbotnen

Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 2. Elvesletta i Straumsbotnen er frodig og flott

Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 3. Gjegnen (1670 moh) sett frå kraftanlegga i Bjørndalen.

Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 4. Reguleringsmagasinet Bjørndalsvatnet ligg utanfor verneområdet, men fjella lengst i bakgrunnen er innanfor Ålfotbreen landskapsvernområde.

Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 5. Synfaring på stien frå Åskora.

Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 6. Litle Åskorvatnet, eller det som eingong var vatnet. Foto:

Alf Erik Røyrvik





Bilete 7. Overføringstunnel og helikopterlandingsplass i fjellsida over Litle Åskorvatnet.  
Foto: Alf Rik Røyrvik



Bilete 8. Straumsbotnen og fjella rundt sett frå Heifjellet.  
Foto: Alf Erik Røyrvik